



KYSTVERKET

Vest

Lindås kommune, Postmottak
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Dykkar ref.:

Vår ref.:
2018/242-2

Arkiv nr.:

Saksbehandlar:
Lene Røkke Mathisen

Dato:
13.03.2018

Fråsegn til høyring av planprogram og varsel om oppstart av kommuneplanen sin arealdel 2019-2031 - Lindås kommune - Hordaland

Syner til brev, datert 16.1.2018, vedkomne ovannemnte og me vil samstundes be om orsaking for noko sein tilbakemelding.

Føremålet med å rullere kommuneplanens arealdel er å følgje opp strategiane i kommuneplanen sin samfunnsdel samt oppdatere arealpolitikken i forkant av kommunesamslåing i 2020.

Innanfor satsingsområdet «Næring» vert det opplyst at kommunen mellom anna ynskjer å vere blant dei fremste på Vestlandet innan havbruk, og planen skal mellom anna sikre areal til havbruk på land og i sjø. Kystverket ber her kommunen om å involvere oss i gjennomgangen av mogelege AK-areal slik at me unngår konflikt med anna maritim aktivitet.

Vidare ber me kommunen ta omsyn til dei premisser som er lagt i nasjonal- og regional transportplan for å oppnå sikker, effektiv og miljøvenleg utvikling av den maritime aktiviteten. Me ber vidare om at areal og maritim transport/infrastruktur vert trekt fram som tema for utgreiing, med særleg omsyn til trafikken knytt til Mongstad og hurtigbåttrafikken i kommunen.

Med helsing

Lene Røkke Mathisen
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

Region Kystverket Vest

Sentral postadresse:	Kystverket Postboks 1502 6025 ÅLESUND	Telefon:	+47 07847	Internett:	www.kystverket.no
				E-post:	post@kystverket.no
For besøksadresse se	www.kystverket.no	Bankgiro:	7694 05 06766	Org.nr.:	NO 874 783 242

Vi ser om at brev, saksrespondanse og e-post vert adressert til Kystverket, ikkje til avdeling eller enkeltperson

